



DEN NORSKE KYRKJE  
Agder og Telemark Bispedømme

# ÅRSMELDING 2004

## Agder og Telemark biskop og Agder og Telemark bispedømmeråd

Agder og Telemark biskop og Agder og Telemark bispedømmeråd har hatt denne visjonen for kyrka sitt arbeid i bispedømmet i 2004:

*”Agder og Telemark- der kyrkjelyden veks  
Nær kjeldene for tru  
nær menneske i dag  
- ei kyrke som vedkjenner, tener og gjev vidare”*



# INNEHALD

|  |           |
|--|-----------|
| <b>INNLEIING</b> .....   | <b>3</b>  |
| <b>RAPPORTERING FOR ETATSOMRÅDER</b> .....                               | <b>4</b>  |
| Presters betjening av kyrkjelydane.....                                  | 4         |
| Generell vurdering av tilhøva.....                                       | 4         |
| Ressursutvikling og arbeidsbelastning.....                               | 4         |
| Samansetning av alder.....   | 4         |
| Kvinne- og jamstillingsspørsmål.....                                     | 5         |
| Sjukefråvær.....   | 6         |
| Fagetisk personalråd.....  | 6         |
| Økonomi.....   | 6         |
| Særskilte utfordringar.....  | 7         |
| Bispedømmekontoret.....  | 8         |
| Generell vurdering av tilhøva.....                                       | 8         |
| Kompetanseutvikling.....   | 8         |
| Bispedømmerådet si verksemd.....   | 9         |
| Viktige saker og utfordringar.....                                       | 9         |
| <b>RAPPORTERING FOR SEKTOROMRÅDER</b> .....                              | <b>10</b> |
| Generell vurdering av tilhøva.....                                       | 10        |
| Økonomien i fellesråda.....  | 10        |
| Biskopen sitt tilsynsansvar.....   | 11        |
| Generell vurdering av tilhøva.....                                       | 11        |
| Gjennomførte tiltak.....   | 12        |
| Kyrkjeleg statistikk, tendensar og endringar.....                        | 13        |
| Gudstenestebesøk.....  | 13        |
| Gudstenestedeltaking hovudgudstenester – fylkesvis.....                  | 14        |
| Kyrkjelydsplantingsprosjekt.....   | 15        |
| Gudstenesta si fysiske ramme - kyrkjebygga.....                          | 15        |
| Intinksjon – eit middel for nedbygging av terskelen til nattverden?..... | 16        |
| Ungdomsarbeid.....   | 16        |
| Dåpsopplæring.....   | 16        |
| Diakoni.....   | 17        |
| Kyrkjer og kyrkjegardar.....   | 18        |
| Prosjekt: SMM Agder.....   | 18        |
| <b>RAPPORTERING FOR SÆRSKILDE OMRÅDER</b> .....                          | <b>20</b> |
| Fridagsavtala for prestar.....   | 20        |
| Gjennomførte tiltak.....   | 20        |
| Kompetanseutvikling for prester.....                                     | 20        |
| Generell vurdering av tilhøva.....                                       | 20        |
| Gjennomførte tiltak.....   | 20        |
| Seniorpolitikk.....  | 20        |
| <b>OPPSUMMERING</b> .....  | <b>22</b> |

# INNLEIING

Årsmeldinga til Agder og Telemark bispedømme for 2004 er utforma som eit felles dokument for biskop og bispedømmeråd. Årsmeldinga er inndelt slik Kultur- og kyrkjedepartementet har uttrykt i tildelingsbrev for 2004 og i rundskriv om rapportering for 2004.

Årsmeldinga fell i tre hovuddelar:

- Etatsrapportering, som omfattar prestetenesta og bispedømmerådet si verksemd
- Sektorrapportering, som omfattar heile den kyrkjelege verksemda i bispedømmet
- Melding om særskilte delar av prestetenesta

Agder og Telemark bispedømme har ei stabil verksemd utan markante endringar i det kyrkjelege livet. I og med at denne meldinga vert skriven før statistikktalet frå sokna ligg føre, er det ikkje råd å kommentere endringar i det faktiske volumet på utførte tenester. Vi har difor valt å legge til grunn statistikk frå perioden 1999 - 2003 samanheldt med tilleggsopplysningar frå den informasjonen biskopen har fått i meldingar frå prostane, visitasar, medarbeidersamtaler og anna kontakt i løpet av 2004.

Ut over dette har vi lagt opp til ei nærare gjennomgang av oppslutninga om gudstenester, samt ein omtale av kyrkjelydsplantingsprosjekt i Arendalsregionen.

I 2004 har prestetenesta vært prega av ein svært stram økonomi. Det har vore naudsynt å planlegge inndraging av tre prestestillingar, og for 2005 må det gjerast nye dramatiske kutt i drifta. Denne situasjonen skaper uro og er lite heldig i ei tid da implementering av nye tenesteordningar vert planlagt.

# RAPPORTERING FOR ETATSOMRÅDER

## Presters betjening av kyrkjelydane.

### Generell vurdering av tilhøva.

Prestane i Agder og Telemark bispedømme utførar generelt ei trufast og oppofrande teneste for kyrkjelydane dei betener. Inntrykket for året 2004, basert på prostane si rapportering til biskopen og bispedømmekontorets generelle kontakt med livet i kyrkjelydane gjennom kurs, møter og visitasar, er at prestenesta fungerer i godt og konstruktivt samspill med andre tilsette, råd og frivillige.

Bispedømmekontorets faste kontaktmøte med presteforeining og kyrkeverjelagets styre fører til opne og gode kommunikasjonskanalar.

### Ressursutvikling og arbeidsbelastning.

Tabellen nedanfor viser utviklinga i talet på prestestillingar i bispedømmet. I tillegg til dei stillingane som er oppretta over statsbudsjettet, er det oppretta 6,5 stillingar som kyrkjelydsprest. Dette vert finansiert av gjevarteneste, bidrag frå fellelråd, kommunar og bispedømmeråd.

Bispedømmerådets bidrag er framfor alt kjøp av tenester til vikarprestar for gjennomføring av ferie- og fridagsavtalen. Det er vidare oppretta til saman 1,9 stillingar for seniorprest, dette delt på ei 40%, ei 50% og ei heil stilling. I tillegg fortsetter eit treårig prosjekt som samarbeid mellom Det Norske Misjonsselskap og Agder og Telemark bispedømmeråd. Det er engasjert ein prest i full stilling som, i tillegg til noe prostiprest/vikarteneste, driv kyrkjelydsplanting i eit utbyggings- og vekstområde i Arendalsdistriktet.

Arbeidet med ei totalgjennomgåing av gudstenesteforordningane i bispedømmet har også vært knytt til ei vurdering av personalressursar i forhold til forordningar. Det vert lagt opp til ein redusert bruk av vikarar og utveksling av tenester over prestegjeldsgrensene. Både behov for innsparing og manglande ressursar for å dekke opp dei nye ferie- og fridagsavtalene opplever enkelte prestar som ein stressfaktor på toppen av ein allereie belasta arbeidssituasjon.

At bispedømmerådet har fatta vedtak om å inndra 3 prestestillingar gjev også signal om ei utvikling ein heller hadde sett gå i ei anna retning.

|                                  | 1999 | 2000 | 2001  | 2002 | 2003  | 2004  |
|----------------------------------|------|------|-------|------|-------|-------|
| <b>Ordinære prestestillingar</b> | 121  | 121  | 124,5 | 127  | 127,8 | 127,3 |
| <b>Kyrkjelydsprest</b>           | 1    | 2    | 2,5   | 3    | 6,5   | 6,5   |
| <b>Sum prestestillingar</b>      | 122  | 123  | 127   | 130  | 134,3 | 133,8 |

### Samansetning av alder.

Gjennomsnittsalderen i Agder og Telemark bispedømme er framleis høg. 70 av bispedømmets prester er over 50 år. Det svarer til 58% av arbeidsstokken. Elles er det ei større gruppe yngre prester under 40 år. Av dei 6 tilsette prestane i 2004 høyrer 4 til denne gruppa.

Mange av dei yngre prestane har fellelrådet som arbeidsgjevar.

Blant dei eldre prestane har mange hatt lang teneste på same stad, så i denne gruppa er det lite "turnover". Her kan ein mellom anna merke seg at søkjarar over 50 år kan ha vanskar med å nå fram i innstilling og tilsetting om dei skulle ynskje å søkje nye stillingar.

Bispedømmet gjennomfører milepælsamtalar ved 55, 61 og 64 år og samtalar med prestar som går av med pensjon eller av andre grunnar trer ut av teneste.

## Kvinne- og jamstillingsspørsmål


Biskopen har i 2002 og 2003 kalla inn dei kvinnelege prestane og teologane i bispedømmet til ei særskilt samling der siktemålet dels var fagleg påfyll, og dels å utveksle røynsler som kvinner har i tilknytning til prestetenesta. I 2004 vart samlinga avlyst grunna manglande påmelding. Biskopen tolkar det slik som at kvinnene i vårt bispedømme opplever ein meir "normalisert" situasjon, der kvinnene oppfattar seg som ein sjølvstøtt og naturleg del av arbeidsfellesskapen i bispedømmet. Snarare enn å samle kvinnene til ei særskilt samling, kan ein betre veg framover vere å setje kvinne- og jamstillingsspørsmål på dagsorden i det vanlege arbeidet på dei ulike samlingane på prosti- og bispedømmenivå.

Av diakonale tiltak vart det våren 2004 halde eit kurs/seminar om familievald, "Temmelig hemmelig". Førelasar var Øyvind Aschjem, og kurset vart arrangert av Agder bispedømme i samarbeid med Norges kristne råd.

Agder bispedømme har framleis få kvinnelege prestar. Etter 2001 har biskop og bispedømmeråd hatt fokus på rekruttering av kvinner til prestestillingar. Det er etter måten få kvinnelege søkjarar til prestestillingane på tross av at dei vert oppmoda om å søkje. Av dei 6 tilsette prestane i 2004 var 1 kvinne, 1 kapellan og ingen sokneprest. Talet på kvinnelege prestar har auka, frå 8 til 9. I teksten for kunningering av ledige prestestillingar er setninga "Kvinner oppfordrast til å søkje" teken inn.


Ein sakshandsamar frå bispedømmekontoret deltok på Nordisk Økumenisk Kvinnekonferanse i Sigtuna, Sverige. Konferansen, som vert halden kvart tredje år, samlar kvinner frå mange kyrkjer og organisasjonar i Norden til ulike tema. Årets tema var "Kropp og kvinnlighet". Relevante kvinnespørsmål vil bli tekne opp i ulik samanheng i bispedømmet, t.d. som seminar på stiftsdagane hausten 2005.

I 2004 har biskopen ordinert 3 kvinner og 3 menn. Diagrammet viser utviklinga i talet på kvinner i prestestillingar.



## Sjukefråvær.

Talet på fråværsdagar med sjukemelding viser ein nedgang på 9 %. Det er ei utvikling i riktig retning. Det samla sjukefråværet utgjer 5,7 % blant prestane. Langtidssjukemeldingar utgjer ein vesentleg del i dette biletet. Talet på fråværsdagar med eigenmelding er svært lågt og utgjer berre 57 dagar. All røynsle tyder på at det er viktig å auke talet på eigenmeldingar for å få ned langtidssjukemeldingane. Dette er ei av målsettingane frå RAMU, det regionale arbeidsmiljøutvalet.



Ved bispedømmekontoret har 3 av dei tilsette vore sjukemeldte i mesteparten av året. 2 er gått av på uføretrygd og den tredje personen har søknad inne til handsaming. Dette vil gi eit svært annleis bilete for 2005.

Agder og Telemark bispedømme har inngått IA-avtale som vert følgt opp av administrasjonen og prostane. Dette gjev ei betre registrering og oppfølging av sjukemelde. Det er også sett i gang to prøveprosjekt med "trim på grøn resept" for å betre helse og sosialt velvære.

## Fagetisk personalråd

Fagetisk råd har hatt to møter i 2004. Rådet har arbeidd med informasjon og holdningsskapande arbeid, samt halde beredskapen oppe i fall biskopen skulle få ei konkret sak.

## Økonomi

Bispedømmets økonomi har i fleire år vore svært stram. Ved inngangen til 2004 hadde bispedømmeadministrasjonen store problem med å utforma eit realistisk og balansert budsjett. Dette kom til syne utover våren, og når halvårsrekneskapen blei lagt fram viste prognosane for året at ein kunne nå eit underskot på omlag 1,2 mill kroner. Det vart da sett i verk innsparingstiltak på kort sikt med det føremål å spare inn ca 0,5 mill, samstundes med at langsiktige tiltak vart planlagt. Dei langsiktige tiltaka gjekk ut på å avvikle tre årsverk frå årsskiftet 2004 – 2005. Se også melding om rekneskapen for 2004.

## Særskilte utfordringar

### *Nye tenesteordningar for prostar og kyrkjelydsprestar.*

Prossessen knytt til implementering av dei nye tenesteordningane er i gang. Det er utforma prosjektplan og det er sett i gang arbeidsgrupper i alle prosti under leiing av prosten.

Arbeidsgruppene har i hovudsak jobba med kartlegging. Nokre grupper er over i forslagsfasen der dei greier ut konsekvensane av ulike endringsforslag knytt til endringar i tenestedistrikt, omlegging av samarbeidsordningar for avløyning ved uttak av ferie og fridagar og endringar i den kyrkjelege inndelinga.

Ei viktig utfordring i samband med implementeringa er å leggje til rette for ei god forankring i kyrkjelydane lokalt. Vidare er det ei utfordring å finna fram til gode ordningar som gjer det mogeleg for prostane å ta ut tid til leiaroppgåver utan at viktig teneste i kyrkjelyd vert svekka. Utfordringane er sær store for di løyvingane til prestenesta ikkje er økt i takt med dei nye oppgåvene.

### *Prestebustadar.*

Agder og Telemark bispedømme har ein høg del av eldre statlege tenestebustader med stort oppussingsbehov. Fleire av desse er knytt saman med landbrukseigedomar som også krev store investeringar. Opplysningsvesenets fond har ikkje ressursar til å sette alle desse eigedomane i stand. OVF vurderer om nokre av prestegardane bør seljast. Dette skaper ofte uro og strid i lokalmiljøa. Flytting av prestebustadar til meir sentrale bustadstrøk gjev som oftast prestefamiliane ein betre busituasjon. Handsaming av desse sakene krev fleksibilitet og tålmod, og kan vere ein stor utfordring.

Ei anna stor utfordring i samband med prestebustadane er at tungt og omfattande byråkrati inneber forseinkingar i arbeidet med istandsetting av bustadane. Dette fører til at bustadane ikkje vert klare til innflytting når nyttilsette prestar skal tiltre. Dette skaper misnøgde medarbeidarar.

## **Bispedømmekontoret**

### **Generell vurdering av tilhøva**

Bispedømmekontoret er eit servicekontor som skal utføre oppgåver på vegne av biskop og bispedømmeråd. I tillegg utøvar kontoret forvaltningsoppgåver delegert frå Kultur- og kyrkjedepartementet og skal gje råd til valde, tilsette og frivillige i kyrkjelydane.

Agder og Telemark bispedømmekontor er eit relativt stort bispedømmekontor som i 2004 var betjent med ca 15,9 årsverk, dvs 2,5 årsverk meir enn stillingsramma i tildelingsbrevet. Dei andre stillingane er:

- 1,0 stilling som ungdomskonsulent
- 0,5 stilling som misjonskonsulent og
- 1,0 stilling som integreringskonsulent.

De 2 fyrste stillingane er prosjektstillingar som delvis er finansiert gjennom tilskottsmidlar frå Opplysningsvesenets fond. Sistnemnte stilling vert finansiert over kapittel 0341 presteskapet, men er organisatorisk knytt til bispedømmekontoret. Integreringskonsulentens sitt kontor er lokalisert til Skien kyrkjelydskontor.

Også i 2004 har vi hatt eit høgt langtidssjukefråvær. Fleire av medarbeidarane på bispedømmekontoret går nå over på uføretrygd. Dessutan vil to fast tilsette medarbeidarar gå av med pensjon i løpet av 2005. Engasjementet for dei to prosjektstillingane varer ut i 2005. Det er difor sett i gang eit arbeid med å gjennomgå bemanninga ved kontoret slik at ein kan få gode kombinasjonar av kompetanse når ein skal rekruttere nye medarbeidarar.

I 2004 har vi tilsatt ein It- og økonomirådgevar. Kontoret har ikkje hatt øymerka stilling til desse oppgåvene tidlegare men vi ser at god kompetanse og tilstrekkeleg kapasitet innafor økonomifaget fører til betre økonomistyring. Ungdomskonsulenten har fått eit års permisjon og det er tatt inn vikar i denne stillinga. Det er og tatt inn vikarar for å dekke opp sjukefråvær ved kontoret.

### **Kompetanseutvikling**

Dei tilsette har teke del i ulike type kurs og kompetanseutviklingstiltak bl.a. innan kyrkjefaglige områder, personalarbeid, økonomi, IT, arkiv og journal. Med eit unnatak, tok alle tilsette del i stiftsdagane som blei arrangert i november. Desse fagdage gav faglig påfyll for den enkelte og medverka til viktig kontakt med andre tilsette i bispedømmet. Det er også gjennomført eit internt stabsutviklingsseminar for bispedømmekontoret sine tilsette.

Stiftsdirektøren har fått 2 vekers permisjon i samband med mastergradsstudium i verdibasert leiing ved Diakonhjemmets høgskole. Misjonskonsulenten har vore på studietur til Sør-Amerika og biskopen har vore på studietur og vennsapsbesøk til Kamerun.



## **Bispedømmerådet si verksemd**

Bispedømmerådet har desse medlemmane:

Terje Hærås, Skien. Leiar  
Helga Marie de Presno, Mandal. Nestleiar.  
Jorund Andersen, Kristiansand  
Arnfinn Mo, Mandal  
Grete Hasselgård Sele, Bø (lek kyrkjelig tilsett),  
Bjarne Sveinall, Skien (prest)  
Olav Skjevesland, biskop

## **Viktige saker og utfordringar.**

Bispedømmerådet har hatt 7 møter og handsama i alt 91 saker i 2004. I tillegg til tilsettingsaker og økonomisaker har rådet brukt mykje tid på å vidareutvikle strategien for Agder og Telemark bispedømme. Saker om kyrkjeleg inndeling og bustadsaker har vore på agendaen fleire gonger. Dette er spørsmål som engasjerer lokalbefolkninga og er difor ofte tidkrevjande. I samband med fritak for buplikt har det komme fram at OVF bruker unødig lang tid på vedlikehald og opprusting av bustader. Dei som skal flytta inn må ha mellombels bustader, noko som skaper misnøye og unødig påkjenning hos prestefamiliane.

Ei anna omfattande og viktig sak har vore handsaminga av innsparingstiltaka med avvikling av tre prestestillingar. Bispedømmerådet gjorde vedtak i saka i november og innsparingane vart sette i verk frå 2005. Det har ikkje skjedd oppseiingar i samband med saka.

Bispedømmerådet har gjort framlegg om å skifte namn på bispedømmet til "Agder og Telemark bispedømme". Bakgrunnen for dette var at namnet på bispedømmet skulle skape identitet og tilhøyring for heile befolkninga i bispedømmet, uavhengig av bustad. Kultur- og kyrkjedepartementet har vedteke namnendinga frå 01.01.2005.

Ein viktig utfordring som bispedømmerådet står over for, vil vere å gjennomføre strategiplanen, m.a. med vekt på dåpsopplæringa og utviklinga av det diakonale arbeidet. Bispedømmerådet har hatt fokus på fornying av gudstenesta og på ungdomsarbeid. Dette er også satsingsområde for Kyrkjemøtet.

Dessutan vil saker om innføring av nye tenesteordningar for prostar og kyrkjelydsprestar og likeeins arbeidet med å få kontroll med økonomien, vere viktige for bispedømmerådet i tida som kjem.

# RAPPORTERING FOR SEKTOROMRÅDER

## Generell vurdering av tilhøva.

Bispedømmet har i 2004 hatt fylgjande fokus:

Åndelig fornying og frivillig medverknad med satsingsområda:

- Dåpsopplæring
- Ungdom
- Diakoni

Dette året har hovudfokus vore på dåpsopplæring. Den sentrale satsinga vedteken av Stortinget med ambisiøs målsetjing om å nå 70 prosent av årskulla, har skapt optimisme i kyrkjelydane og blant medarbeidarar. Sjølv om kampen om prosjektmiddel er hard i positiv forstand, registrerar vi ei haldningsendring hos mange medarbeidarar. Målsetting på 70% har gjort noe positivt med det kyrkjelege sjølvmedvitet.

Prosten i Lister skriv mellom anna i si årsmelding:

*"I Flekkefjord har det også utløst mye positivt at menighetene har gått sammen for å utarbeide søknad om trosopplæringsmidler.*

*Det har ført til nærmere samarbeid på flere plan og skapt entusiasme og lyst til å stå på – både blant frivillige og ansatte. Bevisstheten om utfordringene i forhold til dåpsopplæring er blitt sterkere."*

Satsinga på "Ungdom" er vidareført i 2004. Dette er omtala i eige punkt nedanfor. Prosten i Skien skriv til biskopen i si årsmelding: *"Jeg aner likevel en jevn positiv trend i ungdomsarbeidet"*. Dette inntrykket er heldig vis ikkje sermerkt for Skien. Prosten skriv vidare:

*"Det er tre eksempler på positive trender i ungdomsarbeidet jeg vil nevne spesielt.*

*For det første Celebration og KRIK i menighetene Nenset og Gulset med magnetvirkning på ungdom fra andre områder. Celebration er et samarbeid med Normisjon. I dette arbeidet ser miljø og engasjement ut til være gode faktorer.*

*For det andre arbeidet rundt Normisjons nye hus i Østre Porsgrunn. Gode lokaler virker stimulerende.*

*For det tredje vil jeg nevne at vi har eksempler, f.eks. i Skien og Klyve, på at enkeltpersoner kan være viktige faktorer når de får muligheter til å gjøre en innsats."*

Nøkkelen for å nå ungdommen synast i kortform å vere storsamlingar på ungdommens premissar der lokalitetane gjev rom for deira uttrykksformar (musikk, dans o.s.b), frivillige medarbeidarar som slepp til og får god oppfylging.

## Økonomien i fellesråda

Både meldingar på prostemøta og møte med kommunane under visitasane tyder på at økonomien i fellesråda ein del stader er pressa. Dette gjer noko med det kyrkjelege arbeidet lokalt. Prostane seier mellom anna i meldingane sine:

### Otredal:

*Tilførte og bevilgede økonomiske ressurser blir knappere og knappere, og det merkes i alle prestegjeld og sokn. Men samtidig utløser dette også engasjement, i form av mer systematisk givertjeneste. Dette er både godt og gale. At menighetene tar ansvar for egen drift, er bra. At kommunerne svikter sin opplagte plikt til å bevilge, er ikke bra.*

### Vest-Nedenes:

*Både i Lillesand og i Grimstad har kommunene knappe økonomiske ressurser. Dette har i sin tur ført til at rammene for fellesrådene har blitt skåret ned inntil det uforsvarlige.*

### Bamble:

*Dårlig økonomi i kommunene og i kirkelig sektor skaper noe usikkerhet om kirkens vei.... Organiststillinger reduseres på grunn av kommuneøkonomien.*

## **Biskopen sitt tilsynsansvar**

### **Generell vurdering av tilhøva**

Sjølve ordet "tilsyn" er viktig, men noko difust. Det er eit omfattande omgrep. "Tilsyn" kan vel seiast å være eit samlande omgrep for biskopens aktive nærvær i bispedømmet gjennom inspirasjon, vegleing, rådgjeving, forkynning, korrigering.

a. Forkynning, formidling, kommunikasjon er nøkkelfunksjonar, som vert drive gjennom gudstenester, foredrag, tale og ulik publistisk verksemd. Ein luthersk biskop driv tilsyn framfor alt gjennom ei positiv utfalding av den kristne bodskapen, som har Jesus Kristus – hans død og oppstode – som kjerne.

b. Eit godt instrument for tilsynet er visitasinstituttet. Denne gamle forma for vitjing i kyrkjelydane syner seg framleis livskraftig. Biskopens visitasforedrag – som alltid ender i 6-7 konkrete utfordringar til kyrkjelyden – vert teken imot som hjelp til å kome vidare på ulike felt i arbeidet. Visitasen får dessutan i regelen også godt folkeleg nedslag gjennom møte med kommuneleiing, skular, folkemøte og media.

c. Prostemøta og medarbeidarsamtalar med prostane er alt viktigare som møtestad og strategiske treffpunkt. Implementeringa av nye tenesteordningar har vore ei stor utfordring gjennom 2004. Etter ein heller tung start, ser prosessen no ut til å være på sporet. Mange prostar har kjent det som eit strev å overtyde prestane om dei vinster som ligg i nyordninga, men utover i 2004 har det losna dei fleste stader. Uroa som framleis ligg der er knytt til økonomien for betre administrativ hjelp og spørsmålet om å tette "holet etter prosten" ved proteseta.

Det er utarbeidd eit utkast til delegasjonsreglement, som vil gjere administrasjonen av bispedømmet smidigare. Men det er ei lita uvisse om rekkevidda for delegasjonen og skilnaden mellom det å gjere "bispetjeneste" og det "å bistå i biskopens embetsutøvelse".

d. Aktiv deltaking i bispedømmerådet er ein viktig del av tilsynet.

e. Ordinasjonar og vigslingar står også sentralt. Eit sant kyrkjeleg tilsyn inneber at kandidatane møter ei grundig førebuing, basert ikkje minst på dei ulike vigslingsliturgiane. Her kan også prosjektet "Vegen til prestenesta" nemnast. Det er ei god ordning, som no lukkelegvis har fått sikra økonomisk grunnlag.

f. Tilsynet vert også ført gjennom ei rad avgjerder knytt til ulike kyrkjelege handlingar, dispensasjonssøknader osb.

g. Og så må vi ikkje gløyme telefonen, som er eit velsigna godt instrument for å nå prestar – fjernt og nært – ved ulike høve.

h. Gjennom "Forum for menighetsutvikling" har bispedømmet etablert ein fagleg møtestad for prestar i Den norske kyrkja, frikyrkjelege pastorar og lekfolk

## **Gjennomførte tiltak**

Agder og Telemark biskop har i 2004 gjennomført ordinasjonar og vigslingar som følgjer:

### **Ordinasjonar (6 - 3 kvinner og 3 menn)**

Inge Ålgård, Lund kirke 11.01.04, til vikarprest i Sør-Hålogaland.  
Helene Lohne Kristensen, Valle kirke, Sør-Audnedal 18.04.04, til vikarprest i Mandal prosti.  
Frank Torbjørn Skofteland, Valle kirke Sør-Audnedal 15.08.04, til vikarprest i Bjørgvin  
Kathrine Tallaksen Skjerdal, Høvåg kirke 20.08.04 til kapellan i Vestre Moland prestegjeld  
Laila Jåvold, Birkenes kirke 24.08.04, til sokneprest i Måsøy prestegjeld i Nord-Hålogaland  
Håvar Norendal, Heddal kyrkje 21.11.04 til kapellan i Heddal prestegjeld.

### **Diakonvigslingar ( 2)**

Signe Lilleholt, Høvåg kirke 29.02.04, til diakon i Høvåg  
Øystein Nordli, Hærøya kirke 03.10.04, til diakon i Klevstrand

### **Kateketvigslingar ( 2)**

Anne Bjørnholmen Øvensen, Grim kirke 13.06.04, til kateket i Grim  
Christel Nævdal Barlaup, Bø kyrkje 24.10.04, til kateket i Bø

### **Tenestebrev**

Biskopen har gitt tenestebrev til 26 kyrkjelege medarbeidarar tilsett av kyrkjeleg fellelsråd.

### **Visitasar ( 9)**

Hisøy 21 – 25/01 2004  
Gjerpen 04 – 08/02 2004  
Randesund 02 – 07/03 2004  
Sirdal 16 – 21/03 2004  
Nord-Audnedal 30/03 – 04/04 2004  
Rauland 15 – 19/09 2004  
Hjartdal 12 – 17/10 2004  
Holla 03 – 07/11 2004  
Øyestad 01 – 05/12 2004

Ein syner for øvrig til visitasprotokollane frå Agder og Telemark biskop for 2004.

### **Agder og Telemark biskop har i 2004 deltatt ved desse kyrkjejubilea i stiftet:**

Flatdal kyrkje 350 år.  
Hidra kirke 150 år  
Stokken kirke 125 år  
Søgne kirke 400 år.



### **Vigsling av kyrkjer.**

Bykle nye kyrkje 5/9 2004  
Søm kirke 28/11 2004

## Kyrkjeleg statistikk, tendensar og endringar

### Gudstenestebesøk

Nedafor er ei oversikt over gudstenestebesøk. Den syner at utviklinga i besøk pr gudsteneste berre inneheld små forandringar.



Den samla deltakinga pr gudsteneste syner at Agder og Telemark bispedøme som trend nærmar seg gjennomsnittet for landet, men at talet framleis er høgare.

## Gudstenestedeltaking hovudgudstenester – fylkesvis

I vår analyse av tala for sundagens hovudgudsteneste, vil vi bryte ned tale på fylkesnivå. Dette gjerast fordi det er til dels store kulturelle skilnader mellom fylka. Tala for hovudgudstenester siste seks åra er vedlagt.

### Total deltaking

Den prosentuelle endring i total deltaking på hovudgudstenester er slik:

| Deltaking   |       |         | Talet på gudstenester |       |         |
|-------------|-------|---------|-----------------------|-------|---------|
| Telemark    | -0,37 | prosent | Telemark              | -1,06 | prosent |
| Aust-Agder  | -1,34 | prosent | Aust-Agder            | -2,46 | prosent |
| Vest-Agder  | -1,14 | prosent | Vest-Agder            | 0,58  | prosent |
| Bispedømmet | -0,96 | prosent | Bispedømmet           | -0,89 | prosent |
| Landet      | 0,49  | prosent | Landet                | -0,72 | prosent |

Oppslutnaden om hovudgudstenesta går nedover i alle tre fylker. Men berre 0,96% i snitt og ikkje 2,4 % som dei offisielle statistikkar viser. Forskjellen skyldas ein tellefeil i 2003 i eit sokn på ca 9.000 deltakarar.

Dersom ein delar det totale talet på gudstenester på kyrkjemedlemmer (medlemmer + tilhøyrande) viser det seg at gudstenestefrekvensen pr medlem er:

Telemark: 1,30 gudstenester pr. år.  
Aust-Agder: 1,82 -----”-----  
Vest-Agder: 2,08 -----”-----  
Bispedømmet: 1,70 -----”-----  
Landet: 1,32 -----”-----

### Gjennomsnittleg deltaking

Frå 2002 til 2003 aukar gjennomsnittstalet for Telemark og Aust-Agder med ein, medan talet for Vest-Agder fell med to. Gjennomsnittstala kan altså auke medan totaltalet for gudstenestedeltaking fell. Forklaringa er at talet på gudstenester også fell. Reduksjon i gudstenestetalet skuldast fyrst og fremst ei naudsynt tilpassing til presteressursen. Samstundes er det ei strategisk vurdering om man også enkelte stader og enkelte sundagar (for eksempel andredagar) skal samle seg om færre gudstenester og arbeide for auka kvalitet. Det er uvisst om ei slik strategi også på sikt vil medverka til at den totale gudstenestedeltaking aukar.

### Generelle kommentarar

Det er ikkje store endringar internt i bispedømmet og i forhold til landsgjennomsnittet. Ei mogleg forklaring kan vere at utviklinga påverkast av grunnleggande samfunnsendringar og at dei ulike tiltaka som settast inn av ymse slag, ikkje umiddelbart kan måle kreftar med desse. (Stikkord her kan like gjerne vere endra rammer om familieliv og fritidskultur som sekularisering.) Nedgangen i Agderfylka kan skuldast at folk sluttar å gå eller går sjeldnare til gudsteneste eller at lekkasjen til frikyrkjelege samfunn aukar. Jmf. punktet under vedr. kyrkjebygga

Elles viser tala at Agder og Telemark har færre hovudgudstenester med nattverd i forhold til landet samla. Forholdet mellom hovudgudstenester med nattverd og totaltalet på hovudgudstenester er slik:

Telemark: 0,41  
Aust-Agder: 0,44  
Vest-Agder: 0,39  
Landet: 0,46

### **Tiltak som er i gang eller under planlegging**

Bispedømmerådet arbeider med å sikre at inntil 50% stillingsressurs ved kontoret kan brukast for å stimulere og utvikle gudstenestelivet slik at oppslutnaden aukar. Ressursen vil verte nytta til prosjektbasert innsats. Vidare vil kursing av nye sokneråd ha særskilt fokus på gudstenestearbeidet. Elles arbeidast det med gudstenestefornyng i bispedømmet. Fylgjande kommentarar er saksa frå prostane:

#### **Lister:**

*”Hvordan denne nedgangen skal tolkes er jeg ikke helt trygg på, men vi har i prostiets prestegruppe satt oss som mål å prøve å gå mer i dybden når det gjelder det spørsmålet. Vi er enda ikkje i mål i dette arbeidet.*

*Det arbeidet som legges ned i gudstjenesteforberedelsene må sies å være kvalitative tiltak som flere steder har ført til en større gudstjenesteglede, selv om dette altså ikkje har gitt utslag på statistikkene.”*

#### **Mandal:**

*”Det arbeides over hele prostiet bevisst med gudstjenestefornyelse. I forhold til landsgjennomsnittet ligger vi høyt på frammøtestatistikken, men vi kan ikke spore noen merkbar økning foreløpig.”*

### **Kyrkjelydsplantingsprosjekt**

I samarbeid med NMS har bispedømmet eit kyrkjelydsplantingsprosjekt i Arendal, i Myra/Bråstadorrådet. Prosjektet er no inne i sitt tredje driftsår og har gudstenester og kyrkjelydsceller som særskilte satsingsområdar ved sidan å bygge opp den folkekyrkelege kontakten i området gjennom kasualia. Gudstenestedeltakinga har hausten 2004 vore 43 mot 28 våren 2004. Auka forklarast særleg med at gudstenestestaden vart flytta frå eit ambulerande tilvere på eit par bedehus til ein skule, og at det vart etablert kontakt med ”folkekyrkja” gjennom konfirmantarbeidet.

### **Gudstenesta si fysiske ramme - kyrkjebygga**

Fleire prostar melder i sine meldingar til biskopen at ein opplever lekkasje til frikyrkjer og bedehusforsamlingar med forsamlings/møtelokale der dei fysiske tilhøva er tilpassa dagens behov.

#### **Prosten i Vest-Nedenes skriv om etableringa av gudstenestefellesskap på IMI-huset i Grimstad:**

*”Soknepresten velger ikkje å se dette som konkurranse, selv om han sier at gode lederkrefter med geografisk tilhørighet i Landvik menighet har ”flyttet over”. ”*

#### **Og prosten i Lister seier:**

*”Et nytt lekfolk gjør seg i dag i større grad gjeldende i menighetene utenfor den gamle organisasjonsstrukturen, og disse fordrer å bli tatt på alvor..... Dette berører også husproblematikken – kirkene i Lister er lite egnet til menighetsfellesskap utover gudstjenesten.”*

Dersom folkekyrkja skal vinne dei unge og unge vaksne generasjonane for ei aktiv deltaking og medverknad i gudsteneste- og kyrkjelydsliv, må kyrkja ha ein offensiv strategi på dette området. Dagens lovregulering og godkjenningssystem kan undergrave folkekyrkja si framtid raskare enn ein er klar over. Ei gudstenestereform som skal vekse fram nedanifrå vil mange stader bli kvelt i fødselen om ikkje det også gjevast høve til å tilpasse det fysiske rommet til den gudstenestefeiringa kyrkjelyden ønskjer. Tida kallar på ei endring i lovverket som gjer at kyrkjelydane i større grad, der man lokalt ynskjer det, kan gjere tilpassingar. Dei kyrkjebygga som i dag er pålagde strenge vernerestriksjonar, har i mange århundre vore under utvikling og tilpassa endra behov!

## **Intinksjon – eit middel for nedbygging av terskelen til nattverden?**

Eidsborg, Mo og Skafså sokn i Vest-Telemark prosti har i 2004 i aukande grad nytta nattverd ved intinksjon. Frå 2003 til 2004 har talet på nattverdgjester auka med 25%. Prosten vil fylgje utviklinga.

## **Ungdomsarbeid**

Ungdomskonsulenten melder om desse aktivitetane i 2004:

Ungdomstinget for Agder og Telemark blei gjennomført 23.-25. april 2004. Ungdomstinget blei arrangert for første gong på mange år og var ein suksess. Det blei frå kontoret si side lagt mykje ressursar ned i dette arrangementet. 58 ungdommar deltok og protokollen vitnar om stort engasjement for kyrkja vår. Ungdomsrådet hadde to samlingar. Ei samling ble avlyst på grunn av vakanse i stillinga som ungdomskonsulent.

Konf-Camp voks til 350 deltakarar og meldingane frå deltakarane er udelt positive til leiren. Konf-Camp gjer at ungdom blir frelst. Den spelar også ein viktig rolle i rekrutteringa til Skjærgårds Music & Mission festival. Målet om 50% deltaking i lokalsoknet for Konf-Camp-deltakarar viste seg vanskeleg å måle. Dels skyldes dette at mange kyrkjelydar var med for fyrste gongen, dels skyldes det at fleire kyrkjelydar berre deltok med små grupper. Målsetninga for Konf-Camp står vidare, og dette vil være enklare å måle etter neste leir.

Meir enn 5000 ungdom deltok på Skjærgårds M&M, det er rimeleg å tru at minst 3000 av desse kjem frå vårt eige bispedømme. Målet om 5 kyrkjelydar og 50 deltakarar på Kaliningradprosjektet blei nådd med god margin.

Ungdomssegmentet i Agder og Telemark bispedømme har vidare vore prega av at Andreas Andersen har gått ut i permisjon frå stillinga som ungdomskonsulent. Stillinga sto vakant store deler av hausten 2004. Erik Wessman er nå vikar.

## **Dåpsopplæring**

Hovudmålet er å nå alle døypte barn med ein trusopplæring. Dette vil vi gjere ved å skape eit lærings- og erfaringsmiljø for born og unge mellom 0-18 år der det kan skapast tru og trygg identitet i Kristus. Vi har valt å ha eit særleg fokus på 0-6 årsfasa og leggje vekt på kontakt med foreldra. Vi har gjennomført obligatoriske kurs for alle prestar og kateketar om "Dråpsamtala". Desse kursa gav eit godt grunnlag for det vidare arbeidet.

Utviklinga av bønneengelen til dåpsfamiliane, har skapt glede og entusiasme i mange kyrkjelydar og er blitt eit reiskap for å styrke tradisjonen med kveldsbøn i heimen.

6 prostisamlingar om dåpsopplæring med særleg fokus på 0-4 årsfasa og kontakt med foreldra var gode samlingar med godt frammøte både av tilsette og frivillige. (ca 330 totalt).

Stiftsdagar med trusopplæring som utfordring for alle tilsette gav mange positive utslag. Målet var å utfordre alle fellesrådstilsette til å sjå seg sjølv som ein del av trusopplæringsreforma.

Det er ei aukande etterspurnad etter samlingar om trusopplæring i den enkelte kyrkjelyd. 33 søknader til det store trusopplæringsprosjektet syner noko av den store interessa. Nokre frustrasjonar vert det i etterkant hos dei som ikkje fekk midlar. Vi har sett det som vår hovudoppgåve å vere ei ressurs for dei kyrkjelydane som ikkje fekk trusopplæringsmidlar og å formidle vidare gode idear og metodar frå prosjekta til dei andre kyrkjelydane.



Mykje arbeid er alt godt i-gong, men den store utfordringa blir å skape ein naturleg tilknytning til kyrkja si trusopplæring. Det vert ei utfordring framover å gje inspirasjon og fagleg kompetanse slik at kyrkjelydane kan få til ei systematisk trosopplæring for alle barn. Her vil det vere behov for store menneskelege og økonomiske ressursar i alle lokalkyrkjelydar. Framleis er det vilje til å satse og optimisme er tilstades.

## **Diakoni.**

Hovudområda for arbeid innafor diakonalt arbeid har vært:

- Diakoni i kyrkjelydsfellesskapet og nærmiljøet,
- Diakoniutvalg og diakoniarbeidarar,
- Familie og samliv,
- Nasjonal og internasjonal diakoni retta mot materielt livsgrunnlag, tryggleik og rettferd.

Arbeidet med å sette fokus på diakoni i kyrkjelydsfellesskapet og nærmiljøet er fokusert gjennom ved temasamlingar på diakonsamlingane og ved seminar på stiftsdagane. Materiell er også publisert på bispedømmet si heimeside

I møte og ved initiativ sett i gang av arbeidsgruppa REKA er kyrkjelydane sin omsorg for menneske med utviklingshemming søkt ivaretatt.

Ein konferanse om verdier og om nyfattigdom er gjennomført i bispedømmet. Det har og vore ein konferanse om identitet for diakonalt utdanna personar som arbeider i sekulære stillingar under tittel "en gang diakon alltid diakon"..

Agder bispedømme har hatt ei auke i talet på diakonar og diakoniarbeidarar dette året. Det er nye stillingar i Borgestad og Mandal. Fordeling av midlar frå OVF har vore ei positiv starthjelp. Eit eksempel på dette er prostidiakonstillinga i Otredal prosti.

Familie og samliv har vore eit satsingsområde. Kontakta med familiekontora held fram. Det er halde kontaktmøte med styreleiarar og tilsette ved familiekontora i bispedømmet. Det har også vore ein konferanse om familievold samt ein leiarkonferanse om rus i løpet av året.

Arbeidsgruppa for forbruk og rettferd har sett spesielt fokus på rettferdig handel. Dei har vidare arbeid med å få i stand ei stilling som "grøn medarbeidar" i Agder og Telemark bispedømme som skal ha som oppgåve å inspirere kyrkjelydane til miljøatsing.

## **Kyrkjjas arbeid blant menneske med utviklingshemming**

Det er stor skilnad på prioritering av kontakt med menneske med utviklingshemming mellom dei i ulike distrikta/prosti i bispedømmet., men for kvart år skjer det ei forbetring. Arbidet er i stor grad avhengig av ein eller fleire lokale ildsjelar.

I nokre områder er det stor aktivitet. Lister prosti og deler av Mandal prosti har eit aktivt Tro og Lys-arbeid og sorgarbeid. Tro og Lys-arbeidet held fram også i Vestre Moland prosti.

Ei kyrkje for alle-gruppa utviklar arbeidet i Domprostiet. I 2004 starta det ein ALF-klubb der i samarbeid med Normisjon. På slutten av året ble det også tatt initiativ til ein ALF-klubb i Arendal prosti. Også i Vennesla og i Aust Nedenes prosti er det starta aktivitetar for menneske med utviklingshemming

I Grenlandsdistriktet er SIMEN-og ALF-arbeidet solid etablert og vert utvikla vidare. I 2004 er det starta prøveprosjekt med en bibelgruppe for utviklingshemma i Skien og Bamble prosti.

## Kyrkjer og kyrkjegardar

Gjennom heile året kjem mange søknader om endringar i kyrkjeromma. Særleg gjeld det ynskje om å ta bort kyrkjebenkar bakarst for å få plass til barnekrok og lysglobe, eller framme i koret for å gi plass til kor mv. Sidan 140 av dei om lag 200 kyrkjene i Agder og Telemark er listeførte hjå Riksantikvaren, krev dette mykje sakshandsaming. Kyrkjelydane får sjeldan medhald i søknader om endringar i dei listeførte kyrkjene. Dette kan i like stor grad skuldast eit rigid regelverk som steile haldningar frå Riksantikvaren.

Vi ser ein auke i søknader som gjeld godkjenning til å sette inn elektronisk orgel i staden for å sette i stand det eksisterande pipeorgelet, og det er i ein viss mon gjeve godkjenning til det.

Det vart i 2004 vigsla to kyrkjer, Søm kyrkje i Kristiansand og ny kyrkje i Bykle. Begge stadene vart grunnsteinen lagt ned 1.nyårsdag 2000 som tusenårsbygg i kommunen, i samband med "Jubileum 2000". Kyrkjene har fått kunstnarleg utsmykking av høgste kvalitet.

Gjerstad kyrkje vart nyopna i 2004 etter ei omfattande ombygging og restaurering som har gått over fleire år, med økonomisk tilskot frå Riksantikvaren. Interiøret vart ført attende til Grosch sitt originale frå 1848. Det er ei glede å sjå at heile bygda, ung og gamal, sluttar opp om det staselege kyrkjebygget.

Interessa for å skaffe liturgiske tekstil er stadig høg. Mange kyrkjelydar legg vinn på å ha messehaklar i alle liturgiske fargar. Det kan oppstå spenningar i godkjenningsprosessen mellom dei "glade amatørar" og profesjonelle kunstnarar. Kyrkjekunstutvalet har ikkje vore i verksemd i 2004 grunna sjukdom.

Bispedømerådet har gjeve tilskot til eit prosjekt for registrering av kyrkjesylv i kommunane. Prosjektet er forankra i Vest-Agder fylkeskommune, starta opp i 2004 i nokre kommunar. Fleire står for tur i 2005. Prosjektet har fleire siktemål, m.a. som kulturhistorisk dokumentasjon med formidling til lokalsamfunnet, rådgjeving om bruk og vedlikehald.

Nordisk symposium i kyrkjearkeologi, som vert arrangert kvart tredje år, vart i 2004 lagt til Agder under temaet "Kirker i kystlandskapet". Det samla ein rekkje deltakarar frå dei nordiske landa. Programmet omfatta òg ein synfaring til ein rekkje av kyrkjene langs kysten.

Biskopen har gjeve uttale då saka om kyrkja si kulturmelding var ute til høyring.

## Prosjekt: SMM Agder

SMM Agder og Telemark er framleis i sin andre prosjektperiode for 2002-2005 med prosjektleiar i 50% stilling.

I det regionale SMM-samarbeidet vart det også i 2004 lagt stor vekt på oppfølgingsarbeidet av den enkelte kyrkjelyden. Ein eigen fagdag med kursing av SMM-ansvarlege medarbeidarar i misjonsorganisasjonane vann god oppslutnad.

I 2004 kom Den norske misjonsallianse (NMA) for fullt inn i samarbeidet. Dette er ein spennande og utfordrande misjonsorganisasjon med klar diakonal profil. I Agder og Telemark er dei på veg inn med prosjektavtalar i eit par kyrkjelydar. Talet på misjonsavtalar held seg jamt. 2004 er det inngått 6 nye avtalar, medan andre diverre går ut. Mange har god rutine med rullering av avtalar mellom dei ulike SMM-organisasjonane.

Gjennom ”Menighet i bevegelse”-prosjektet har vi også i 2004 utfordra to kyrkjelydar i kvart prosti til å svare på fire sentrale spørsmål om misjon.

Ungdom og rekruttering til misjon har ein i 2004 satsa ekstra på gjennom seminar på folkehøgskule, bibelskule og ved å gje ut eit eige opplegg for misjon i konfirmantundervisninga. Gode erfaringar hadde vi i 2004 med å skipe til tekstverkstader for prestane i to ulike prosti, dette med gjest frå eit av våre samarbeidsland, Etiopia.

I strategiplanen for SMM Agder og Telemark legg vi vekt på å spreie visjonen om den misjonerande kyrkjelyden – lokalt og globalt, noko vi vil halde fram med. Prosjektstyret tok ved slutten av 2004 initiativ til å greie ut om det er økonomisk mogeleg å utvide stilling som misjonskonsulent frå 50 – 100% frå sommaren 2005. Saka er til handsaming idet vi går inn i siste halvåret av prosjektperioden 2002 – 2005.

# RAPPORTERING FOR SÆRSKILDE OMRÅDER.

## Fridagsavtala for prestar

Fridagsavtala for prestar fungerer i samsvar med avtalen. Enkelte stader viser rapporteringa at det er enkelte problem med å få teke ut dei avtalefesta fridagane på grunn av tenesta.

Omsynet til fridagsavtalen er teke inn i vurderinga ved gjennomgang av gudstenesteforordningane i bispedømmet.

## Gjennomførte tiltak

Ved sida av innføring av IA-avtale og utarbeiding av retningslinjer for seniorpolitikk er det utarbeidd nye prosedyrar ved tilsetjing av prestar i bispedømmet. Intervju er innført som ei normalordning. Sokneråda er inkluderte i prosessen ved at soknerådet vel ein representant til intervjugruppa som saman med prost, fagforeiningsrepresentant og personalleiar vel ut og gjennomfører intervju før søknadane vert handsama av sokneråd, prost og innstillingsråd.

## Kompetanseutvikling for prester

### Generell vurdering av tilhøva

Bispedømmet utarbeida i 2003 ein ny kompetanseutviklingsplan som er knytt til bispedømmets strategi. Oppfølging av planen blei lagt til stiftskapellan 1, som har vore sjukemeldt mesteparten av året og er nå gått over på uføretrygd. Dette har sjølv sagt hatt fylgjer for det vidare arbeidet med av planen. Det har vore ei auke i søknader til egne studieprosjekt. Søkinga til åndeleg vegleing og retreat er også vaksande. Det har vore brukt uvanlig store beløp til etterutdanning sidan einskilde søknader, som vart godkjente i 2003, vart realisert i 2004.

Agder og Telemark har 21 aktive vegleiarar. I løpet av 2004 har fleire vegleingsgrupper avslutta sine toårige avtaler. Styringsgruppa for ABV arbeider med å etablere nye grupper, slik at nyttilsette og andre som ynskjer vegleing på tenesta si, kan få eit best mogleg tilbod om dette. I 2004 mottok ca. 20 personar vegleing. Dei fleste av desse fekk dette i grupper, medan andre fekk individualvegleing.

### Gjennomførte tiltak

Dei mellomliggande stiftsdagane, som vart arrangert i Kristiansand og fagdane for prestar i Skien hadde også i 2004 stor oppslutning. Ved sida av faglege tilbod til dei ulike yrkesgruppene, vart det særleg fokusert på trusopplæringsreforma.

25 prestar har hatt studiepermisjon av forskjellig lengde. Det vart gjeve 151 veker med permisjon i 2004. Dessutan er det tatt ut 65 vekers samla studiearbeid ved lokale ordningar i prostia.

## Seniorpolitikk

Agder og Telemark bispedømme har som tidligare nemnd, ein stor prosent prestar over 50 år. Mange av desse har stått lenge i den same tenesta. Ei kartlegging syner at målgruppa gav uttrykk for ynskje om fritak frå einskilde arbeidsoppgåver, redusert stilling og bruk av spesialkompetanse eller høve til uttak av fritid.

Det vart nedsett ei arbeidsgruppe, som la fram seniorpolitiske retningslinjer. Desse vart lagt fram og vedteke av bispedømmerådet.

I handlingsplanen var følgjande tiltak lagt inn: Milepælsamtaler, vikarordningar for å legge tilrette for uttak av meir samanhengande ferie og fritid, kompensasjonsordning med tenestefri og/eller økonomisk kompensasjon, samt høve til studiepermisjon og etterutdanning som andre kollegaer, fritak for særlege arbeidsoppgåver og høve til delvis AFP, der det er praktisk mogeleg.

Dei vedtekne retningslinene vert oppfatta som svært tilfredsstillande. Det store talet på prestar som fell inn under den gruppa ordningane sikter mot, tilseier at realitetane i retningslinene lett blir gode føremål som vert avgrensa av økonomiske realitetar. Det er pr. i dag 3 prestar som er plassert som seniorprestar og 2 prestar som har avtaler på delvis fritak i tenesta som seniorpolitiske tiltak .

# OPPSUMMERING

Agder og Telemark bispedømme har hatt eit aktivt år i 2004. På det personalfaglege og organisatoriske området har det skjedd eit par vesentlege endringar:

- Tilsettingsprosedyrane er lagt om slik at prester nå vert innkalla til **intervju** ved alle tilsettingar
- Regjeringa har vedtatt nye **tenesteordningar** for prostar og prestar som gjev prostane ei meir reell leiarrolle. Det er eit krevjande arbeid å gjennomføre denne reforma.
- Vi har også hatt ei fullstendig gjennomgang av **gudstenesteforordninga**.
- I 2004 måtte vi foreta ei **økonomisk innstramming** og inndra tre stillingar. Ingen har blitt opp sagt og så langt har vi berre inndratt vikarstillingar.

I 2004 mottok bispedømmekontoret brev frå språkdirektøren som påla oss å gå over til **nynorsk** som administrasjonsspråk. Vi meinte dette var urimeleg, men fekk ikkje medhald frå departementet. Frå nyttår 2005 har vi derfor ei myk overgang til meir bevisst bruk av nynorsk i våre dokument.

Hovudfokus for strategiarbeidet på den kyrkjefaglege arenaen har vore satsingsområda trusopplæring, ungdomsarbeid og diakoni.

- Innafor **diakoni** har vi mellom anna prøvd å etablere tettare kontakt med familievernkontora og hatt tema som rus og vold på dagsordenen.
- **Ungdomssatsinga** har vore prega av skifte i stillinga som ungdomskonsulent. Skjærgårdsfestivalen på Risøya med egen konfirmantleir var ei stor oppleving for fleire tusen ungdommar. I april ble det arrangert ungdomsting for fyrste gong på mange tiår.
- **Trusopplæring** er den store satsinga for Den norske kyrkja. Fire kyrkjelydar i vårt bispedømme vart tildelt midlar i 2004. Det var Mandal, Fjære, Lunde og Bø. Frå bispedømmet sin side har det vore arrangert ei rekke informasjons- og inspirasjons-samlingar om trusopplæring. **Bøneengelen** med kveldsbøn som er biskopens gåve til alle dåpsborn, har fått stor respons. Dette vel vi å tolke slik at foreldre ønskjer å oppretthalde gode tradisjonar med kveldsbøn for sine barn.

Frå 1. januar 2005 skifta vi **namn til Agder og Telemark bispedømme**. Vi ville markere dette på ein god måte og har fått utarbeid ein bispedømmekalender med bilder av ei kyrkje frå kvart av våre 12 prosti.

En slik årsmelding skal gjere reie for og oppsummere det som er gjort. Av og til kan det være både viktig og nødvendig å stanse opp å spørje: Har vi funne den rette måten å rapportere på? Det enklaste er å spørje etter kvantitative data. Vi ser etter utviklingstrekk i forhold til auke eller tilbakegang. Vi måler besøk per gudsteneste, kor mange som har vore til nattverdt osv. Men slike "harde" data er ikkje nødvendigvis uttrykk for dei viktigaste kvalitetane ved kyrkja. Det er minst like viktig å spørje etter dei kvalitative sidene ved kyrkja si verksemd. Kyrkja er ein verditung aktør i samfunnet vårt. Kva for nokre verdiar er kjennemerke på kyrkja vår? Korleis lykkes ho med å formidla desse verdiane til folk og korleis kommer kyrkja sine verdiar til uttrykk gjennom organisert praksis i alle ledd?

Kyrkja bør i større grad arbeide for å flytte fokus mot korleis verdiar kan implementeras i praksis og samtidig spørje korleis praksis verkar som uttrykk for verdiane i kyrkja. Korleis ein skal presentera eit slikt "rekneskap", bør det arbeidast nøye med, men ut ifrå kyrkja sin eigenart burde ho stå fyrst til å utvikle dette.

Kristiansand 01.03.05

Olav Skjevesland (sign)  
Biskop

Terje Hærås (sign)  
Leiar Agder og Telemark bispedømmeråd

Tormod Stene Hansen  
Stiftsdirektør